



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

U.off: offl. § 22

Fordeling av skjønnsmidlar til kommunane for 2023

Fordeling av skjønnsmidlane

Vi viser til brev datert 28. juni 2022 og tildelt skjønnsramme for Vestland. For kommunane i Vestland har Statsforvaltaren fordelt ramma slik:

Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2023	2022	2023 - 22
4601	Bergen	13 300	14 000	-700
4602	Kinn	11 400	11 400	-
4611	Etne	2 100	2 300	-200
4612	Sveio	2 800	2 800	-
4613	Bømlø	5 000	5 200	-200
4614	Stord	2 600	2 600	-
4615	Fitjar	2 900	3 000	-100
4616	Tysnes	1 800	2 100	-300
4617	Kvinnherad	-	-	-
4618	Ullensvang	3 400	4 300	-900
4619	Eidfjord	-	-	-
4620	Ulvik	-	-	-
4621	Voss	6 300	6 500	-200
4622	Kvam	4 000	4 600	-600
4623	Samnanger	1 600	1 900	-300
4624	Bjørnafjorden	5 500	5 500	-
4625	Austevoll	500	700	-200
4626	Øygarden	3 500	3 500	-
4627	Askøy	1 900	1 900	-
4628	Vaksdal	500	600	-100
4629	Modalen	-	-	-



Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		endring
4630	Osterøy	3 900	4 000	-100
4631	Alver	6 600	7 000	-400
4632	Austrheim	1 800	1 900	-100
4633	Fedje	1 100	1 200	-100
4634	Masfjorden	-	-	-
4635	Gulen	-	-	-
4636	Solund	1 300	1 400	-100
4637	Hyllestad	1 200	1 300	-100
4638	Høyanger	-	-	-
4639	Vik	-	-	-
4640	Sogndal	5 400	5 700	-300
4641	Aurland	-	-	-
4642	Lærdal	-	-	-
4643	Årdal	-	-	-
4644	Luster	-	-	-
4645	Askvoll	900	1 100	-200
4646	Fjaler	1 400	1 500	-100
4647	Sunnfjord	11 600	12 100	-500
4648	Bremanger	-	-	-
4649	Stad	2 700	2 700	-
4650	Gloppen	1 400	1 500	-100
4651	Stryn	700	700	-
Til fordeling i budsjettåret		30 000	30 000	-
SUM		139 100	145 000	-5 900

Statsforvaltaren har i si vurdering nytta:

- Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) sitt brev om fylkesvise skjønnsrammer med retningslinjer, datert 28.06.2022
- kommuneproposisjonen for 2023
- søknader/innspeil frå kommunane
- egne vurderingar og overordna økonomiske analysar av den enkelte kommune.

Nasjonalt er basisramma for skjønnsmidlar til kommunane redusert med 50 mill. kroner samanlikna med 2022 (- 5,9 %). Av reduksjonen er 40 mill. overført til innbyggjartilskotet og 10 mill. kroner til prosjektskjønnet til departementet. Reduksjonen på 50 mill. er gjort ved eit likt kutt i kroner per innbyggjar for alle embeta sine rammer. Ramma til Vestland er 139,1 mill. kroner, etter ein reduksjon på 5,9 mill. kroner frå 2022 (- 4 %).

Fordeling av ramma mellom ulike typar skjønnsmidlar

Statsforvaltaren har gjort ei overordna fordeling av skjønnsmidlane mellom ordinært skjønn i statsbudsjettet, fornyings- og innovasjonsprosjekt og til fordeling i budsjettåret:



tal i 1000 kr	2023
Ordinære gjennom statsbudsjettet	109 100
Fornyings- og innovasjonsprosjekt	15 000
Midlar til fordeling i budsjettåret	15 000
Sum	139 100

Midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt og fordeling i budsjettåret er førebelse rammer, og det kan i budsjettåret verte endringar mellom desse rammene. Ramma for midlar til fordeling i budsjettåret er på same nivå som i 2022. Informasjon om midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt er lagt ut på vår nettside og sendt brev til kommunane, med søknadsfrist 1. november 2022.

Retningslinjer og omsyn som er lagt til grunn i fordelinga

I brevet frå departementet til statsforvaltarane er det presisert at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er varetekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Skjønnsramma skal også vareta behov som kan oppstå i løpet av året. Med grunnlag i kunnskapen til Statsforvaltaren om tilhøva i kvar kommune, og i dialog med kommunane, skal det vere reelle vurderingar av behovet for skjønnsstilskot frå år til år. Dialogen mellom Statsforvaltaren og kommunane kan gjennomførast på ulike måtar, men skal vere mest mogleg hensiktsmessig for begge partar med omsyn til omfang og ressursbruk. Dialogen kan skje både munnleg og skriftleg, som gjennom eigne møte, dersom det er mest hensiktsmessig. Det viktigaste er at det for kvart budsjettår skal ligge ei konkret vurdering av behovet til grunn for tildeling av skjønnsmidlar.

Statsforvaltaren skal gjere ei heilskapleg vurdering av økonomien til kommunane og behov for skjønnsmidlar. Skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar eller fordi kommunen tidlegare har motteke skjønnsmidlar.

I tillegg til nemnde overordna retningslinjer frå departementet har Statsforvaltaren vurdert følgjande omsyn saman med den skjønnsmessige vurderinga:

- Sosiale kriterium
 - kommunar som har særlege utfordringar innan helse og sosial
 - det er oppretta ei eiga sentral tilskotsordning for små kommunar som har høge eigendelar knytte til ressurskrevjande tenester, og omtalen av skjønnsmidlar frå fylkesramma er teken ut av retningslinjene til departementet. Vi har likevel for kommunar som fell utanfor ordninga, valt å ta omsyn til høg eigendel til ressurskrevjande tenester i ei samla vurdering
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- Kommunane sitt utgiftsbehov (vurdert opp mot utgiftsutjamninga i inntektssystemet)
 - spreidd busetnad
 - utgifter knytte opp til å vere eit senter i regionen
 - andre særlege utgifter som kan vere utfordrande for kommunen.
- Midlertidige behov
- Samla vurdering
 - heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon



- utvikling av folketalet over tid (reduksjon i folketalet krev omstillingar/tilpassingar etter reduserte inntektsoverføringar)
- frie inntekter i 2021 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov (ser på utgifts- og inntektssida samla, som viser om kommunen er betre/dårlegare finansiert enn gjennomsnittet (100) ut i frå utgiftsbehovet)
- høge inntekter, t.d. frå kraftverksemdar og Havbruksfondet.

Kompensasjon for endringar i differensiert arbeidsgjevaravgift vart lagt inn i basisramma frå 2015, mot tidlegare skilt ut som eigne midlar i skjønnsramma. I Vestland har seks kommunar framleis full eller delvis ein høgare avgiftssats (14,1 % etter sone 1a). Dette gjeld tidlegare Flora i Kinn kommune, Etne, Bømlo, Kvam, tidlegare Sogndal i Sogndal kommune og tidlegare Førde i Sunnfjord kommune. Etter breva frå departementet om skjønnsmidlar for 2022 og 2023, bør kompensasjonen raskt trappast ned. Kompensasjonen er teken ut av retningslinjene frå departementet. Statsforvaltaren i Vestland har gjennomført ei årleg nedtrapping på 10 prosent av kompensasjonen frå 2015/2016 til 2021, og 2022 vart det siste året at kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift var med i omsyna/kriteria i fordeling av skjønnsmidlar. Gradvis reduksjon av kompensasjonen vart gjort etter ei heilskapleg vurdering av økonomien til den enkelte kommune.

Vurdering av kvar kommune i tildelinga

Under følgjer informasjon om ei overordna vurdering for kvar kommune som ligg til grunn for tildeling av ordinære skjønnsmidlar.

4601 Bergen

Dei store byane har særleg store levekårsutfordringar, for ein stor del knytte til rusmisbruk og psykiske lidingar. Kommunen sitt arbeid mot fattigdom bidreg til høge utgifter til sosialsektoren. Dei faktiske utgiftene for kommunen i denne sektoren er vesentleg høgare enn berekna i sosialhjelpsnøkkelen i inntektssystemet. Kommunen ber om at dei høge utgiftene blir tekne omsyn til i fordelinga av skjønstilskot, og grunnjev dette med at dette ikkje i tilstrekkeleg grad blir ivareteke gjennom inntektssystemet. Kommunen arbeider målretta med å utjamne skilnader i oppvekstvilkåra for barn og unge. Talet på familiar med låg inntekt er aukande. Det blir arbeidd med å styrke det kulturelle og sosiale miljøet i område med opphoping av levekårsproblem. Bystyret definerte i 2021 nye område med ekstra satsing. Kommunen har som målsetjing å redusere konsentrasjonen av kommunale bustader, med betre fordeling og spreining av dei kommunale bustadtilboda. Kommunen har satsing på rustiltak, med blant anna mottaks- og oppfølgingsentre (MO-sentre). Som regionsenter har kommunen tilbod til innbyggjarar i andre kommunar, t.d. innafor brann-beredskap og kultursektoren. Dei faktiske utgiftene innafor funksjonar knytte til kultur er vesentleg høgare enn i dei andre kommunane i regionen. Frie inntekter i 2021 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 98 prosent av landsgjennomsnittet (100). Den økonomiske stillinga til kommunen er god med tilfredsstillande høgt disposisjonsfond og moderat nivå på lånegjelda (men det må takast omsyn til at ein stor del av verksemda er organisert utanfor kommunen t.d. framleis mange private barnehagar). Etter samla vurdering blir skjønnsmidlane redusert med kr 700 000, til 13,3 mill. kroner.

4602 Kinn

Samanlikna med landet har Kinn (Vågsøy og Flora før 2020) hatt svak folketalutvikling dei seinare år. Kommunen har ekstra utgifter til klassar med språkdelling (nynorsk-bokmål). Tidlegare Flora kommune har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet er denne kompensasjonen fasa ut. Men dette er vurdert opp mot at Kinn er ein ny



kommune som treng tid til å tilpasse tenestenivået etter nye føresetnader og rammevilkår. Kommunen får utbetalt midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 104 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kinn kommune har svak økonomi, med disposisjonsfond som ligg under tilrådd norm og svært høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. I samla vurdering er det lagt vekt på at kommunen får midlar frå Havbruksfondet, organisering av ny kommune med økonomiske utfordringar, fasa ut av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, spreidd busetnad og skyss av helsepersonell. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 11,4 mill. kroner.

4611 Etne

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet over fleire år. Etne har utfordringar med trafikkisikring langs dei smale vegane i kommunen. Dei lange tunnelane langs E134 i Åkrafjorden fører til ekstra utgifter til brannberedskap. Kommunen har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1. 2022 var det siste året med kompensasjon. Frie inntekter i 2021 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 100 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå. Lånegjelda kjem til å auke i økonomiplan-perioden som følgje av fleire store investeringsprosjekt. I ei samla vurdering er skjønnsmidlane reduserte med kr 200 000, til 2,1 mill. kroner.

4612 Sveio

Kommunen har hatt god folkevekst over ein lang periode, med særleg stor vekst i talet på barn og unge. Det er difor gjennomført store investeringar i skulesektoren. I 1. halvår i år har det vore nedgang i folketalet. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Kommunen har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Kommunen viser til høge utgifter til skyss av skuleborn som følgje av trafikkfarlege vegar. Frie inntekter i 2021 korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 92 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen hadde eit godt resultat i 2021, men dette skuldast i hovudsak ekstraordinær høg skatt dette året knytt til skattytar. Det ordinære skattenivået er lågt med relativt få arbeidsplassar og stor utpendling til arbeid i nabokommunar. Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 2,8 mill. kroner.

4613 Bømlo

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med noko vekst. Kommunen har relativt mange ressurskrevjande brukarar og har difor høge utgifter knytte til ressurskrevjande tenester målt etter eigendel per innbyggjar. Kommunen har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1. 2022 var det siste året med kompensasjon. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 95 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen hadde eit relativt stort netto driftsunderskot i 2021. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 200 000, til 5 mill. kroner.

4614 Stord

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med ein svak vekst. Kommunen er eit regionsenter for Sunnhordland. Som regionsenter kjem det mange personar til kommunen med utfordringar knytte til rus og psykisk helse. Kommunen har vesentleg større kostnader knytte til rusproblem og psykisk helse enn andre samanliknbare kommunar. Kommunen har svært mange leigearbeidarar/gjestarbeidarar. Dette er viktig for næringslivet, men gjestearbeidarane gir ikkje grunnlag for statleg rammetilskot til kommunen. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 94 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har svak økonomi. Sjølv om disposisjonsfondet er auka i 2021, er det framleis behov for å opparbeide noko



større disposisjonsfond som driftsreserve. Kommunen si lånegjeld er på eit høgt nivå. Samla vurdert gjev dette uendra skjønnsmidlar frå 2022, sum 2,6 mill. kroner.

4615 Fitjar

Kommunen har over tid hatt ei stabil folketalsutvikling. Fitjar vil få småkommunetillegg (halvdelen av fullt tilskot) i 2023, men dette tilskotet vil gå heilt bort i 2024 dersom folketalet per 1.1.2023 kjem opp i/over 3200. Kommunen har i dei siste åra fått eigedomsskatteinntekter som følgje av utbygging av vindmøller. Utrekning syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 103 prosent av landsgjennomsnittet. Frie driftsfond ligg på landsgjennomsnittet og lånegjelda mykje under. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 100 000, til 2,9 mill. kroner.

4616 Tysnes

Kommunen har hatt ei positiv folketalsutvikling i dei siste åra. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 109 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen har relativt stort disposisjonsfond og låg lånegjeld målt mot driftsinntektene. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 300 000, til 1,8 mill. kroner.

4617 Kvinnherad

Kvinnherad har hatt svak folketalsutvikling i dei seinare år. Kommunen har mange brukarar under ressurskrevjande tenester, og såleis høg eigenfinansiering etter folketalet. Kommunen har høge inntekter frå vasskraftanlegg og utbetalingar frå Havbruksfondet. Dette gjev seg utslag i frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov, som i 2021 var på 118 mot landsgjennomsnittet på 100. Med bakgrunn av høge inntekter får ikkje kommunen skjønnsstilskot.

4618 Ullensvang

Det har over mange år vore ei negativ utvikling i folketalet i denne regionen, særleg i dei tidlegare kommunane Odda og gamle Ullensvang. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 141 prosent av landsgjennomsnittet. Dei høge inntektene skuldast eigedomsskatt (kraftanlegg), naturressursskatt og andre kraftinntekter. Kommunen har også noko inntekter frå Havbruksfondet. Kommunen har hatt utfordringar med driftsbalansen på bakgrunn av at driftsnivået har vore høgt og ein stor del av dei høge inntektene er brukte i drifta. Disposisjonsfondet vart styrkt i 2021, men er framleis lågare enn det bør vere. Lånegjeld målt i prosent av driftsinntektene er moderat. Organiseringa av den nye kommunen har vore krevjande. Dei tidlegare kommunane var i stor grad ulike. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 900 000, til 3,4 mill. kroner.

4619 Eidfjord

Eidfjord har for dei siste fem åra hatt auke i folketalet, særleg det siste året. Kommunen har høge kraftinntekter, som forklarar at frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 223 av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har god overordna økonomi, sjølv om det no blir lagt opp til auke i investeringar/låneopptak på om lag 150 mill. kroner, i hovudsak knytt til VAR og reinseanlegg i Sysendalen. Kommunen får ikkje tildelt skjønnsmidlar på grunn av høge inntekter.

4620 Ulvik

Ulvik har over tid hatt ein nedgang i folketalet. Ulvik har eit godt inntektsgrunnlag med inntekter frå vasskraft. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på



115, mot landsnittet på 100. Kommunen har tilfredsstillende disposisjonsfond og etter driftsinntektene ei moderat lånegjeld samanlikna med landsgjennomsnittet. Kommunen har tidlegare meldt om ekstraordinære høge utgifter til barnevern, kjøp av institusjonsplassar og spesialpedagogikk til barn med særskilte behov. Etter ei samla vurdering får ikkje Ulvik tildelt skjønnsmidlar i 2023.

4621 Voss

Voss har over tid hatt positiv folketalsutvikling. Kommunen arbeider med å redusere ubalansen i tenesteområda. Utgifter til BPA har auka mykje dei siste åra, frå 3,8 mill. i 2018 til 23,5 mill. kroner i 2021. Det er ein høg eigenandel for kommunen på desse tenestene. Det same gjeld for ressurskrevjande brukarar. Kommunen har stor vekst i behovet for helse- og omsorgstenester, spesielt innafor psykiatri/helsevern. Dei opplever ein auke i utgifter i grunnskulen med auka utgifter til elevar med spesielle behov. I tillegg har dei fått meir komplekse barnevernssaker dei siste åra. Voss kommune har mykje kommunal veg per innbyggjar, og med endringar i klimaet fører det til auka vedlikehaldsutgifter. Kommunen er eit regionsenter og skulesenter. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 100 prosent av landsgjennomsnittet (100). Etter ei samla vurdering og at Voss framleis er ein «ny» kommune, blir skjønnsmidlane for 2023 sett til 6,3 mill. kroner, ein reduksjon med kr 200 000 frå 2022.

4622 Kvam

Kommunen har hatt eit stabilt folketal over tid. Kommunen har no ei eldre befolkningsmansetjing med vesentleg fleire eldre innbyggjarar enn landsgjennomsnittet. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar. Kommunen viser til at omfanget av ressurskrevjande tenester er aukande og levealderen for brukarane aukar. Kommunen har geografiske utfordringar med risikoområde for flaum og ras. Kommunen har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1. 2022 var det siste året med kompensasjon. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er på 115 prosent av landsgjennomsnittet. Det relativt høge inntektsnivået skuldast eigedomsskatt og utbetalingar frå Havbruksfondet. Godt resultat i 2021 gav grunnlag for å byggje opp disposisjonsfondet. Kommunen har eit svært høgt gjeldsnivå etter å ha investert mykje over mange år. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 600 000, til 4 mill. kroner.

4623 Samnanger

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei siste fem åra, men likevel noko under landsgjennomsnittet. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 110, mot landsgjennomsnittet 100. Samla sett har kommunen ein middels økonomi, med disposisjonsfond på tilrådd norm og ei lånegjeld etter driftsinntektene under landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 300 000, til 1,6 mill. kroner.

4624 Bjørnafjorden

Samla (Fusa og Os) har den nye kommunen hatt god folketalsutvikling dei seinare åra. Kommunen var med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenester, men dette vart avslutta eitt år før opphavleg avtalt prosjektperiode. Dette har gjeve kommunen ei stor økonomisk utfordring. Kommunen har meirutgifter til språkdelling (nynorsk-bokmål) i skulen. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov i 2021 var 93, mot landsgjennomsnittet på 100. Bjørnafjorden har høgt disposisjonsfond, men lånegjelda er høg samanlikna med driftsinntektene og gjennomsnittet for landet. Kommunen viser til at det er utfordrande å få balanse i drifta. Ei av årsak til dette er lokalisering av «doble» tenester både i tidlegare Fusa og Os, ettersom fjorden deler den



nye kommunen. Kommunen gjennomfører prosjekt («Bjørnafjorden 22» og «økonomisk handlefridom») for varige driftsreduksjonar. Samla vurdert får kommunen uendra med skjønnsmidlar i 2023, sum 5,5 mill. kroner.

4625 Austevoll

Austevoll har hatt vekst i folketalet over dei siste fem år. Avstandar og kommunikasjonar tilseier at dei har ekstraordinære utgifter til beredskap og ambulansetransport til sjukehus. Strukturendringar i skulen har ført til ekstra skuleskysst for fleire elevar i båt. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 108, samanlikna med landsgjennomsnittet på 100. Kommunen har høge skatteinntekter både frå inntekt og formue, og utbetaling frå Havbruksfondet. Kommunen har ein god overordna økonomi. Lånegjelda samanlikna med inntektene ligg no likt med landsgjennomsnittet (114,2%). Samla vurdering gjev ein reduksjon på kr 200 000, til 0,5 mill. kroner i skjønnsmidlar for 2023.

4626 Øygarden

Kommunen (tidlegare Sund, Fjell og Øygarden) har hatt høg folkevekst over mange år. Kommunen har hatt ei ung befolkningssamansetjing, og det er venta ein stor auke i talet på eldre i åra framover. Olje- og gassindustri er lokalisert i kommunen (tidlegare Øygarden kommune) og bidreg til høg eigedomsskatt. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 98 prosent av landsgjennomsnittet. Utdanningsnivået i kommunen er lågare enn for landsgjennomsnittet og det er ei utfordring med fråfall i vidaregåande skule. Dessutan er det mange uføre og sosialhjelpsmottakarar. Kommunen har ekstra kostnader til språkdeling som følgje av at mange foreldre ynskjer bokmål for borna i skulen i område for tidlegare Fjell kommune. Kommunen hadde netto driftsunderskot både i 2020 og 2021, det vil seie dei to første åra etter kommunesamanslåinga. Underskotet vart noko mindre i 2021 enn i 2020. Disposisjonsfondet er lågt og det er liten driftsreserve. Kommunen har høg lånegjeld. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 3,5 mill. kroner.

4627 Askøy

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og det er framleis ei ung befolkningssamansetjing. I dei siste åra har det vore nedgang i talet på dei aller yngste innbyggjarane. I den same perioden har det vore stor vekst i talet på eldre innbyggjarar i kommunen. Det må påreknast å bli ei utvikling mot ei vesentleg eldre befolkningssamansetjing i dei komande åra. Dette er krevjande med omsyn til tenester og investeringar. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 89 prosent av landsgjennomsnittet. Det faktiske netto driftsresultatet for 2021 var positivt og har gitt grunnlag for å styrke disposisjonsfondet. Kommunen har høg lånegjeld, særleg på bakgrunn av at kommunen har låge inntekter. Statsforvaltaren gav i 2021 nye reviderte pålegg om utbygging innan vatn og avlaup. Dette inneber investeringar i eit betydeleg omfang. Det vil vere vanskeleg å dekke kapitalkostnadene av investeringane fullt ut gjennom gebyra frå abonnentane. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 1,9 mill. kroner.

4628 Vaksdal

Vaksdal har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og ligg difor over gjennomsnittet for landet på frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehov, 114 mot landsgjennomsnittet på 100. Kommunen har høge utgifter knytt til geografi og topografi (spreidd busetnad), og mange av vegane er utsette for ras og naturhendingar. Dette fører til eit høgare beredskapsnivå enn det som skulle vere normalt etter storleik på kommunen. Etter driftsinntektene har kommunen eit høgt disposisjonsfond (22 %), og ei lånegjeld som ligg godt over



landsgjennomsnittet (139 %). Samla vurdert blir skjønnsmidlar for 2023 sett til 0,5 mill. kroner, ein reduksjon på kr 100 000 frå 2022.

4629 Modalen

Kommunen har høge inntekter frå naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg, som utgjer om lag 40 % av samla driftsinntekter. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov utgjer 226 for 2021. Det har vore ei positiv folketalsutvikling dei siste åra. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå eit høgt inntektsgrunnlag.

4630 Osterøy

Kommunen har hatt eit stabilt/svakt aukande folketal. Kommunen vart i 2020 innmeld i Robek-registeret etter ubalanse i økonomiplanen, og utmeld i 2021 etter at budsjett og økonomiplan for 2021–22 var vedteke i balanse. Målt etter kommunestorleik (folketalet) har kommunen hatt høg eigenfinansiering til ressurskrevjande tenester siste åra, og det er venta ny auke her i 2023. Ein desentralisert struktur påfører kommunen ekstra utgifter til tenester, som t.d. heimetenester og skuleskys. Mange private skular gjer at rammetilskotet vert redusert kvart år, og utgjer om lag 14 mill. kr i utgiftsutjamninga i 2022. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er 97 prosent av landsgjennomsnittet. Disposisjonsfondet utgjorde 4,4 % av inntektene i 2021, men mesteparten av dette vert truleg brukt for å dekke inn forventa underskot i 2022. Lånegjelda ligg under landsgjennomsnittet. Kommunen har framleis ein svak overordna økonomi etter utmelding av Robek, og utgiftene på fleire område har auka. Etter ei overordna vurdering vert skjønnsmidlane for 2023 føreslege til 3,9 mill. kroner, ein reduksjon på kr 100 000 frå 2022.

4631 Alver

Kommunen (tidlegare Meland, Radøy og Lindås) har hatt positiv folketalsutvikling over tid som følgje av stor innflytting frå Bergen. Utrekning syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester, målt per innbyggjar. Kommunen har framleis høge eigedomsskatteinntekter frå Mongstad-anlegget, sjølv om dei gradvis er trappa ned frå 2019 på grunn av regelendring for eigedomsskatt. Kommunen får inntekter frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 101 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har høg lånegjeld. Disposisjonsfondet vart styrka i 2021 og opparbeidd til det nivået som det om lag bør vere på. Kommunen har utfordringar med driftsbalansen og det er pårekna netto driftsunderskot både i 2022 og 2023. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 400 000, til 6,6 mill. kroner.

4632 Austrheim

Kommunen har hatt eit stabilt folketal over tid. Kommunen har ei stor utfordring med å bygge opp eit større disposisjonsfond som driftsreserve. Disposisjonsfondet er framleis vesentleg mindre enn det bør vere. Lånegjelda i seg sjølv er ikkje spesielt høg, men gjeldsnivået må bli sett i samanheng med dei utfordringane kommunen har hatt med driftsbalansen. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 103 prosent av landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 100 000, til 1,8 mill. kroner.

4633 Fedje

Kommunen har over tid hatt ei negativ utvikling i folketalet. Dei blir fleire eldre og dermed nedgang i skatteinntekter etter færre i arbeidsaktiv alder. Kommunen har eiga ambulanseteneste, sidan dette ikkje kjem inn under Helse Bergen si ambulanseteneste. Kommunen får midlar frå Havbruksfond, men heller eit lågt beløp samanlikna med andre kystkommunar. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 136, mot eit landsgjennomsnitt på 100.



Samanlikna med driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande frie driftsfond og låg lånegjeld. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 100 000, til 1,1 mill. kroner.

4634 Masfjorden

Folketalsutviklinga har vore jamt negativ dei siste fem åra. Kommunen hadde i 2021 høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og får i 2022 tilleggskompensasjon på 2,9 mill. kroner etter ei ny sentral ordning. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 136, mot landsgjennomsnittet på 100. Kommunen har såleis eit godt inntektsgrunnlag som følgje av skatt og avgifter frå kraftverksemd og havbruk, med låg lånegjeld og høgt disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene. Med bakgrunn i høge inntekter får ikkje kommunen skjønnsstilskot.

4635 Gulen

Gulen har samanlikna med landet hatt ei svak folketalsutvikling dei seinare år. Kommunen har spreidd busetnad, og lange avstandar fører til auka utgifter for tenester til innbyggjarane. Etter innbyggjartal har kommunen høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester, og får i 2022 ein tilleggskompensasjon på 3 mill. kroner etter ei ny sentral ordning. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 124, mot landsgjennomsnittet på 100. Dette gjer m.a. at kommunen har hatt gode økonomiske resultat dei seinare åra, som har gjeve høge disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene. Etter driftsinntektene har kommunen låg langsiktig gjeld. Med bakgrunn i høge inntekter og sentral kompensasjon for høge utgifter til ressurskrevjande tenester, får ikkje kommunen skjønnsstilskot.

4636 Solund

Det har vore nedgang i folketalet i dei siste åra. Kommunen har fått relativt store utbetalingar frå Havbruksfondet. Årets utbetaling frå Havbruksfondet er påreknad å bli høg. Utbetalingane har gitt grunnlag for å bygge opp eit relativt stort disposisjonsfond. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerter for variasjon i utgiftsbehov er 125 prosent av landsgjennomsnittet. Dei samla inntektene vil variere relativt mykje frå år til år som følgje av variasjonane i utbetalingane frå Havbruksfondet. Kommunen si lånegjeld er på eit nivå under landsgjennomsnittet, men kjem til å auke vesentleg som følgje av investering i ny skule. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 100 000, til 1,3 mill. kroner.

4637 Hyllestad

Kommunen har hatt større reduksjon i folketalsutvikling over tid, med ei utfordrande demografisk utvikling med lågt barnetal og fleire eldre. Økonomien til kommunen har blitt betre etter midlar frå Havbruksfondet, men kommunen har utfordringar med driftsbalansen, m.a. med høge utgifter til rekruttering innan helse. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 111, mot landsgjennomsnittet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande disposisjonsfond og ei lånegjeld noko under landsgjennomsnittet. Etter samla vurdering er skjønnsmidlane redusert med kr 100 000, til 1,2 mill. kroner.

4638 Høyanger

Kommunen har hatt nedgang i folketalet over fleire år. Kommunen har høge kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet, som gjer at frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 124, mot landsgjennomsnittet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen disposisjonsfond rett under landsgjennomsnittet og ei lånegjeld som ligg noko over landsgjennomsnittet. Med bakgrunn i høgt inntektsgrunnlag, får ikkje kommunen skjønnsstilskot.



4639 Vik

Kommunen har hatt nedgang i folketalet i fleire år. I 1. halvår i år har det likevel vore vekst i folketalet. Kommunen har ein stor del av innbyggjarane i dei eldre aldersgruppene. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigererte for variasjon i utgiftsbehov er 124 prosent av landsgjennomsnittet. Inntektsnivået skuldast kraftinntekter med eigedomsskatt på kraftverk m.m. Disposisjonsfond var ved utgangen av 2021 om lag på landsgjennomsnittet, målt i prosent av driftsinntektene. Kommunen får tilleggskompensasjon på 0,6 mill. kroner for ressurskrevjande tenester innafor ordninga for små kommunar med under 3200 innbyggjarar. Med bakgrunn i høgt inntektsgrunnlag, får ikkje kommunen skjønnskot.

4640 Sogndal

Samla (Balestrand, Leikanger og Sogndal) har den nye kommunen hatt ei folketalsutvikling over landsgjennomsnittet. Etter kommunestorleik har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og derav høg eigenfinansiering. Tidlegare Sogndal har fått skjønnsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet er denne kompensasjonen fasa ut. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er for Sogndal 108, samanlikna med landsgjennomsnittet på 100. Den nye kommunen har ein inngang med bra overordna økonomi, med tilfredsstillande disposisjonsfond målt etter driftsinntektene og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet. Men kommunen må gjere større innsparingar i drifta for å skaffe balanse. Med bakgrunn i ei samla vurdering gjort ut frå etablering av ny kommune, fasa ut kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift og utgifter til ressurskrevjande tenester er skjønnsmidlane redusert med kr 300 000, til 5,4 mill. kroner.

4641 Aurland

Kommunen har hatt ei folketalsutvikling dei seinare åra som ligg under landsgjennomsnittet. Aurland har etter innbyggjartalet svært høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Høge kraftinntekter gjer at frie inntekter i 2021 korrigerert for variasjonar i utgiftsbehovet ligg på 181, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og låg lånegjeld. Med bakgrunn i høge inntekter, får ikkje kommunen skjønnskot.

4642 Lærdal

Kommunen har hatt nedgang i folketalet i løpet av dei siste fem åra. Lærdal har inntekter frå kraftverksemd, som bidreg til at frie inntekter i 2021 korrigerert for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 112, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og får difor 0,5 mill. kroner i kompensasjon frå ei sentral ordning. Kommunen har ein overordna økonomi med frie driftsfond over gjennomsnittet og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet etter driftsinntektene. Kommunen får ikkje tildeling av skjønnsmidlar ut frå inntektsgrunnlaget.

4643 Årdal

Kommunen har over lang tid hatt ein større reduksjon i folketalet, som det siste året er snudd til ei positiv utvikling. Etter innbyggjartalet har Årdal høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og derav frie inntekter i 2021 korrigerert for variasjonar i utgiftsbehovet som ligg på 116, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen låge frie driftsfond og ei lånegjeld under landsgjennomsnittet. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.



4644 Luster

Kommunen har positiv folketalsutvikling. Luster har høge kraftinntekter, og derav frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 126 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå eit høgt inntektsgrunnlag.

4645 Askvoll

Kommunen har over tid hatt jamn nedgang i folketalet. Etter kommunestorleik har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Kommunen er ein «øykommune» som fører til høge driftskostnader, t.d. innan helse. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov utgjør 101 prosent av landsgjennomsnittet. Særleg etter utbetalingar frå Havbruksfondet dei siste åra, har kommunen greidd å opparbeida tilfredsstillande frie driftsfond. Lånegjelda er lågare enn landsgjennomsnittet. Etter vurdering av den overordna økonomien blir skjønnsmidlane redusert med kr 200 000, til 0,9 mill. kroner.

4646 Fjaler

Kommunen har hatt ein vekst i folketalet dei siste fem åra, men veksten er lågare enn gjennomsnittet for landet. Etter innbyggjartalet har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov utgjør 100, likt med landsgjennomsnittet. Fjaler har disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene på om lag halvparten av gjennomsnittet for landet, Lånegjelda samanlikna med driftsinntektene ligg mykje over landsgjennomsnittet. Etter ei samla vurdering vert skjønnsmidlane redusert med kr 100 000, til 1,4 mill. kroner.

4647 Sunnfjord

Samla (Gaular, Jølster, Førde og Naustdal) har kommunen hatt positiv folketalsutvikling, men under landsgjennomsnittet. Etter kommunestorleik har kommunen utgifter til ressurskrevjande tenester over gjennomsnittet. Tidlegare Førde har fått skjønnsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet er denne kompensasjonen fasa ut. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er for Sunnfjord 102 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har middels/svak overordna økonomi med disposisjonsfond målt etter driftsinntektene på om lag halvparten av landsgjennomsnittet, og ei lånegjeld som ligg over gjennomsnittet. Kommunen må gjere større innsparingar i drifta for å skaffe balanse. Etter ei samla vurdering med vekt på at kompensasjonen for differensiert arbeidsgjevaravgift blir fasa ut, etablering av ny kommune og utgifter til ressurskrevjande tenester er skjønnsmidlane reduserte med kr 500 000, til 11,6 mill. kroner.

4648 Bremanger

Kommunen har over tid hatt ein større nedgang i folketalet. Bremanger vart utmeld av Robek i juni i år, etter å ha vore underlagt statleg økonomisk kontroll sidan 2008 som følgje av Terra-sakene. Kommunen har utfordringar med ubalanse i drifta, som å tilpasse skulestruktur etter behov og inntekter og ei usikker utvikling av verdiar på derivatavtalar. Kommunen har svært høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester målt etter kommunestorleik. Kommunen har kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt. inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehovet var i 2021 på 116, mot landsgjennomsnittet 100. Ettersom kommunen i lang tid har vore Robek-kommune, har han låge frie driftsfond. Lånegjelda ligg mykje under landsgjennomsnittet. Som for tidlegare år får ikkje kommunen skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.

**4649 Stad**

Kommunen har auke i folketalet. Stad er ein svært langstrekt kommune, som gjer det utfordrande å effektivisere tenestene innanfor gjevne økonomiske rårer. Kommunen er vertskommune for spesielle helsetenester og fleire institusjonar som spesialisthelsetenesta i Helse Førde har på Nordfjordeid, og dette fører dette til ekstra oppgåver og auka behov for tenester. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov var på 99 prosent, mot landsgjennomsnittet 100. Målt etter driftsinntektene har Stad eit disposisjonsfond over landsgjennomsnittet, men lånegjelda er høg. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 2,7 mill. kroner.

4650 Gloppen

Gloppen har over tid hatt eit stabilt/svakt aukande folketal. Kommunen vart meldt ut av Robek i juni 2022, etter at alt underskot då var dekt inn. Kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 99, mot eit landsgjennomsnitt på 100. Kommunen har jobba godt med økonomistyring for at den økonomiske handleevna skal bli ivareteken over tid, men har framleis mange oppgåver å ta tak i etter dei kom ut av Robek. Gode inntekter siste året gjer at dei fekk eit godt resultat, og har opparbeidd seg frie driftsfond etter Robek. Samanlikna med landsgjennomsnittet er lånegjelda høg. Kommunen har fått tildelt ekstra skjønnsmidlar i Robek-perioden. Etter ei samla overordna økonomisk vurdering reduserer vi sum skjønnsmidlar med kr 100 000, til 1,4 mill. kroner.

4651 Stryn

Kommunen har over dei siste fem åra hatt eit stabilt folketal. Frie inntekter i 2021 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigerert for variasjon i utgiftsbehov er på 93 prosent, altså under landsgjennomsnittet (100). Målt etter driftsinntektene har kommunen disposisjonsfond på norma for tilfredsstillande frie driftsreservar, men om lag halvparten av snittet for landet på 13,7 prosent. Lånegjelda er lågare enn landsgjennomsnittet, på 95 %. Etter ei samla vurdering av overordna økonomi, får kommunen tildelt skjønnsmidlar på 0,7 mill. kroner, som er uendra frå 2022.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent